

Søknad om dispensasjon frå arealdelen (LNF-område) i kommuneplanen til Lindås kommune for GBNR 172 / 31, 5912 Seim.

I samsvar med plan- og bygningslova §19-2, vert det i denne søknaden søkt om dispensasjon frå §11-6 i same lov.

Tiltak

Det vert søkt om å få godkjent plassering av eit 110mm spillvannsrør i pvc og Ø315mm stake-/spylekum. Røret er nedsenka i veggrøft, medan kumløkk er synleg i grøfta. Røret går frå eigedom med gbnr 172/31, i grøfta langs fylkesveg 402 gbnr 172/171 og krysser eigedom med gbnr 172/4 til elv. Kum ligg på eigedom 172/171.

I 2016 vart Lindås kommune tildelt trafikksikringsmidlar for å siktutbetre langs fylkesveg 402 på Seim, like før Stokke bru. Dette medførte at kommunen på vegne av Statens vegvesen på vegne av Hordaland fylkeskommune måtte tileigne seg eigedom for å kunne utføre tiltaket og for framtidig vedlikehald.

Som kompensasjon for tapt grunn fekk den eine av grunneigarane lagt ned eit 110mm spillvannsrør frå eigedom 172/31 til heilårsfjorande elv. Sida grøfta allereie var open i samband med arbeidet som vart utført langs vegen, vart det difor lagt ned rør i samsvar med VA-norma til Lindås kommune. VA – drift sine folk på anlegget la ned dette røret, dette for å unngå å måtte grave opp att grøfta kort tid etter ferdig trafikksikringstiltak.

Planen var at røret skulle nyttast i samband med etablering av minireinseanlegg på eigedom 172/31. Det vart plassert ein stake-/spylekum etter ca. 80m då dette var anbefalt for å få tilkomst. Lokket til denne kum er synleg.

Reguleringsføremålet

Tiltaket ligg i kommuneplanen sitt LNF-område på Seim i Lindås, veggrøft til fylkesveg 402.

Dispensasjon

Plan- og bygningslova §19-2 har bland anna fylgjande formulering:

Dispensasjon kan ikke gis dersom hensynene bak bestemmelsen det dispenseres fra, eller hensynene i lovens formålsbestemmelse, blir vesentlig tilsidesatt. I tillegg må fordelene ved å gi dispensasjon være klart større enn ulempene etter en samlet vurdering. Det kan ikke dispenseres fra saksbehandlingsregler.

Ved dispensasjon fra loven og forskrifter til loven skal det legges særlig vekt på dispensasjonens konsekvenser for helse, miljø, sikkerhet og tilgjengelighet.

Rettsvirkning av kommuneplanens arealdel

Plan- og bygningslova §11-6 har bland anna fylgjande formulering:

Tiltak etter § 1-6 må ikke være i strid med planens arealformål og generelle bestemmelser, samt bestemmelser knyttet til arealformål og hensynssoner.

Der det ikke gjelder eller er stilt krav om reguleringsplan, jf. § 12-1 andre ledd, skal kommuneplanens arealdel følges ved avgjørelse av søknad om tillatelse eller ved forståelsen av tiltak etter reglene i § 20-1 første ledd bokstav a til m, jf. §§ 20-2 og 20-3.

Søklar si grunngeving for å gi dispensasjon frå Plan- og bygningslova §11-6, rettsvirkning av kommuneplanens arealdel

Tiltak må ikkje vere i strid med planens arealføresetnad, i dette tilfellet LNF.

Arealføresetnaden langs fylkesveg 402 på Seim, er i gjeldande kommuneplan LNF-område. Røyrtraseen ligg nedgravd i vegrøft langs ein 8m høg fjellskrent, kryssar under ei landbruksavkøyrsløse og ligg nedgravd i grunn langs fylkesvegen ca. 15m på gbnr 172/4 mot elv.

Landbruk.

Området langs gbnr 172/171 er ikkje eigna til aktivt landbruk og traseen over gbnr 172/4 vil ikkje ha negativ verknad på arealføresetnaden.

Natur.

Røyrleidningen er gravd ned i samsvar med VA-normen i Lindås kommune. Eit kumlokk med Ø 400mm er synleg i grøfta og det er fylt opp med pukke i plan rund kum på lik linje med resten av grøftetraseen.

Friluftsførmål.

Røyrleidning og kum vil ikkje ha negativ innverknad på friluftsiinteressa i området.

Konsekvenser for helse, miljø og sikkerhet

Eksisterande septiktank på eigedom 172/31 er svært gammal. Det vil ikkje vere bra for miljøet om innhaldet i tanken skulle byrja lekke ut i grunnen. Det er fleire brønner i området som då vil kunne verte påverka.

Eit minireinseanlegg vil difor vere i tråd med dagens krav til reinsing av avlaup og kloakk og eit godt miljøtiltak.

Førehandsuttale?

Det er ikkje gitt førehandsuttale til dette tiltaket.

Tiltaket med å legge ned røyr, er skildra i kontrakt om grunnervsavståing mellom Lindås kommune på vegne av Statens vegvesen på vegne av Hordaland fylkeskommune og eigar av gbnr 172/4 og 172/31.

Søknad om løyve til tiltak


Søknad om dispensasjon vert med dette sendt inn.

Vedlegg:

1. Situasjonkart
2. Kvittering av nabovarsel
3. Avtale grunnavståing

Peder Hagesæter

Hjelmås VVS



Peder Hagesæter

Fra: Atle Dingen
Sendt: 31. mai 2017 10:14
Til: Peder Hagesæter
Kopi: Irene Nærbø Wilhelmsen
Emne: SV: Skannet på en flerfunksjonsmaskin fra X OFFICE

Hei!

Har hatt kontakt med Byggesak angående søknaden om minirensanlegg på gbnr. 172 31 på Seim. Lindås kommune fekk midler frå fylkeskommunen for siktutbetring langs FV402 ved Stokke bru. I den sammenheng blei det i grøfta lagt ned eit 110 Pvc rør for eventuell framtidig avrenning frå minirensanlegg avløp.

Dette var ein kompensasjon mellom Arild Hopland og Lindås kommune på vegne av fylkeskommunen i forbindelse med avståing av grunn til dette tiltaket.

Alversund Maskinstasjon låg dette røret på oppdrag frå oss der Knut Espetvedt sto for bestillinga av delene. Dette er dessverre ikkje søkt om.

Du må på vegne av Arild Hopland ta heile søknadsprosessen også godkjenning av leidningen som vi har lagt ned. Irene Wilhelmsen kan hjelpe til med nabovarsling av berørte parter i denne prosessen.

Kostnader i samband med etablering av minirensanlegg samt utsleppsløyve må takast av Arild Hopland Når det gjeld gebyr frå dispensasjon for rør og stakekum i LNF området, tek Lindås kommune denne kostnaden.

Dessverre må dette til for at tiltaket skal bli godkjent.

Ved spørsmål om nabolister kan du bare ta kontakt med Irene på tlf nr. 994 66 658.

Hører frå deg.

Atle Dingen | Konstituert Einingsleiar Teknisk Drift

E-post: atle.dingen@lindas.kommune.no | Telefon: +47 56 37 56 85
Kundesenter: +47 56 37 50 00 | Heimeside: www.lindas.kommune.no

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Peder Hagesæter [<mailto:peder@hjelmaas.no>]
Sendt: onsdag 24. mai 2017 11.12
Til: Atle Dingen
Emne: VS: Skannet på en flerfunksjonsmaskin fra X OFFICE

Viser til telefonsamtale.

Med hilsen
Peder Hagesæter

Leknesvegen 183
5915 Hjelmsås

Telefon 56 35 40 50
Mobil 906 89 888
www.hjelmaas.no

-----Opprinnelig melding-----

Fra: hjvvs@hjelmaas.no [mailto:hjvvs@hjelmaas.no]

Sendt: 24. mai 2017 11:06

Til: Peder

Emne: Skannet på en flerfunksjonsmaskin fra X OFFICE

Åpne det vedlagte dokumentet. Det ble skannet og sendt til deg ved hjelp av en flerfunksjonsmaskin fra X OFFICE.

Hvis du vil ha mer informasjon om Xerox-produkter og -løsninger, går du til <http://www.xoffice.no>